



Arkivnr: 2014/11856-191

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.05.2017

Utleige av grunn - Stend vgs

Samandrag

Eigedomen gnr. 97, bnr. 1 på Stend vidaregåande skule i Bergen grensar i nord til Rå næringspark. Hordaland fylkeskommune har i mange år leigd ut grunn i nærleiken av næringsområdet til bruk for ulike næringsverksemdar.

Ølen Betong AS er ein av dei som leiger grunn av fylkeskommunen. Arealet er på 7 mål i eit område kalla Bakvollen. Ølen Betong AS nyttar arealet til mobil betongproduksjon.

Gjeldande leigeavtale har ei varigheit fram til 31.12.2019. Ølen Betong AS ønskjer å forlengje leigeavtalen. Det er forhandla fram ein ny avtale med Ølen Betong AS med ei vidareføring av den bruken som er i dag. Endringane gjeld leigesum, storleik på arealet og lengda på avtalen. I den nye avtalen vert arealet utvida med 3 mål, slik at totalarealet vert 10 mål. Leigetida vert forlengja med 10 år frå 01.01.2020, og med opsjon på 5 nye år.

Fylkesrådmannen rår til at den vedlagte leigeavtalen vert godkjent.

Forslag til vedtak

Leigeavtale med Ølen Betong AS vert godkjent.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Leigeavtale m/kartfoto
- 2 Situasjonkart

Fylkesrådmannen, 26.04.2017

Eigedomen gnr. 97, bnr. 1 på Stend vidaregåande skule i Bergen grensar i nord til Rå næringspark. Fleire av aktørane i næringsområdet har behov for ekstra areal knytta til sine aktivitetar, og Hordaland fylkeskommune har i mange år leigd ut grunn til bruk for mellomlagring av steinmassar, lagring av avfall mm.

Ølen Betong AS er ein av dei som leiger grunn av fylkeskommunen. Arealet er på 7 mål på eit område kalla Bakvollen. Ølen Betong AS nyttar arealet til mobil betongproduksjon. I tillegg har dei brakkebygningar for administrasjon og opphald for dei tilsette i arbeidstida.

Bakvollen var tidlegare eit skrint skogområde med delvis bert fjell og det var lite eigna til jordbruksformål. Det har vore utleigd til næringsaktørar sidan 1990-talet.

Gjeldande leigeavtale har ei varigheit fram til 31.12.2019. Ølen Betong AS ønskjer å utvide arealet dei nyttar i dag og å forlengje leigeavtalen. Bakgrunnen for dette er at dei har hatt store etableringskostnader på Bakvollen samt at dei har inngått avtalar som strekker seg fram i tid. Mellom anna gjeld dette leveransar av betongelement og ferdigbetong til store samferdselsprosjekt på Vestlandet. Ein av desse er nye E39 mellom Bergen og Os. Plasseringa av verksemda er god både med omsyn til avtalte leveransar og samarbeidet med Fana Stein og Gjenvinning AS (FSG) som leverer massar til Ølen Betong AS. FSG har eit underjordisk pukkverk i Stendafjellet på gnr. 97, bnr. 1 og har ein langsiktig avtale med fylkeskommunen om rett til masseuttak og avfallsdeponi i fjellet.

Det er forhandla fram ein ny avtale med Ølen Betong AS med ei vidareføring av den bruken som er i dag. Endringane gjeld leigesum, storleik på arealet og lengda på avtalen. I den nye avtalen vert arealet utvida med 3 mål, slik at totalarealet vert 10 mål. Leigetida vert forlengta med 10 år frå 01.01.2020, og med opsjon på 5 nye år.

Det er òg inngått andre avtalar i området med lang leigetid. Avtalen mellom fylkeskommunen og FSG som er nemnd ovanfor, vart godkjent av fylkestinget 09.03.2016 og omfattar òg leie av grunn. FSG leiger areal ved tunnelopninga og i tillegg 32 mål av Høiebø, i nærleiken av Bakvollen, til mellomlagring av stein- og jordmassar. Avtalen gjeld for ein periode på 20 år rekna frå det tidspunktet reguleringsplan for området vart vedteken, som var 15.06.2016. Det er opsjon på 5 + 5 år.

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte leigeavtale med Ølen Betong AS vert godkjent.